



31. mai 2024

Til alle beitelag i Vestland fylke

Organisert beitebruk - informasjonsbrev våren 2024

Sommaren og beitesesongen er snart i gang, og vi gler oss over at det i løpet av vinteren har blitt skipa fleire nye beitelag i fylket. Eit godt samarbeid er svært viktig for å oppretthalde tradisjon og produksjon av mat i utmarka. I dette brevet kjem det litt informasjon som kan vere nyttig for dykk som driv med organisert beitebruk.

Tilsynsliste/rapportskjema

Vedlagt ligg eit skjema som kan nyttast for å få inn opplysningar om beitesesongen. Det er krav om tilsyn i beiteområdet minimum ein gong pr. veke. Leiari i laget skal rapportere inn ei samla oversikt i søknaden om driftstilstskot. Det er fint om leiaren i beitelaget sender skjemaet ut til sine medlemmar, og får desse attende før laget søker om driftsmidlar i haust.

Det er berre tal tapte dyr på **utmarksbeite** som skal inn i statistikken for organisert beitebruk. Det vil sei at tap inne og på vår- og haustbeite **ikkje** skal takast med. For å lukkast best mogeleg med tapsførebyggjande arbeid, er det viktig med ei mest mogleg fullstendig oversikt over tapsårsakene. Det er derfor viktig at kvar bonde melder inn både sikre og trulege tapsårsaker for sin buskap.

Informasjonsarbeid til turgårar

I år har vi ei satsing for å få ut god informasjon til folk som brukar utmark og fjell. Dette går mellom anna på at hund skal vere i band, spesielt i bandtvangstida, men også i andre tidsrom der det er viktig å ta omsyn til beite- og villevande dyr. Hundeangrep på beitedyr er eit problem som har auka dei siste åra. Som følgje av dette vil 'Hund' i år vere ein av tapsårsakane de kan krysse av på i vedlagt rapportskjema. Dette etter ønske frå nokre beitelag i fjar.

I den samanheng har vi eit samarbeid med politiet som har laga flotte informasjonsplakatar (sjå nedst i brevet). Plakatane er laga i A4-format på nynorsk og engelsk, og er både med og utan dato for perioden for ordinær bandtvang. Mange av kommunane i Vestland har utvida bandtvang etter 20. august, så plakatane med dato vil vere misvisande i desse områda. Plakatane vert sendt ut som pdf-filer så fort dei er klar. Vi oppmodar til å henge dei opp, anten som laminerte plakatar eller skilt.

Norsk Sau og Geit har ei spørjeundersøking ute for å kartlegge hendingar mellom hund og småfe. Denne er viktig for å få dokumentert kor stort problemet faktisk er. Gjer gjerne undersøkinga kjend for medlemmane i laget ditt. Les meir og svar på undersøkinga her: [Hundeskadeundersøkelsen fortsetter! - Norsk Sau og Geit \(nsg.no\)](#).

Freda rovvilt status 2024

Det er ingen dokumenterte meldingar om ulv eller bjørn så langt. Gaupe er dokumentert i Fjaler, Voss, Årdal og Luster etter beitesesongen 2023. For jerv er situasjonen så langt i vinter at det er mange observasjonar i hovudsakeleg Luster kommune. Det andre området med større aktivitet av jerv er sør i Vestland, Ullensvang kommune og tilgrensande område i Rogaland og Agder. Statens naturoppsyn tok ut to jervar i Årdal kommune i mai, ein hann og ei ho. Skade av kongeørn opptrer typisk heilt i starten av beitesesongen på både innmark- og utmarksbeite, og i 2023 vart det dokumentert 11 skadar frå kongeørn spreidd over store delar av fylket.

Skandobs

[Skandobs](#) er eit felles skandinavisk rapporteringssystem for store rovdyr. Dette er ein database der det er mogleg for alle å registrere observasjonar av spor og dyr. Observasjonane vert tilgjengeleg for alle, snarleg etter registrering. Observasjonane som kjem inn her vert meldt vidare til Statens naturoppsyn (SNO). Vi oppmodar næringa til å ta i bruk dette verktøyet for å få best mogleg oversikt. Rapporteringssystemet er enkelt i bruk, men ein må registrere seg før ein får legge inn opplysningar.

Ved mistanke om tap grunna freda rovvilt

Dersom de ser eller finn spor etter freda rovvilt, oppmodar vi om at de melder frå til SNO og/eller legg observasjonane inn i [Skandobs](#) så snart som mogleg. Dette er viktig for å legge grunnlag for ei best mogleg forvaltning av freda rovvilt. Dersom det er mistanke om tap av dyr grunna freda rovvilt er det viktig med dokumentasjon, både for å få sett i verk tiltak og for å kunna sikre erstatning ved tap. Ved funn av kadaver der freda rovvilt kan vere skadegjerar, er det eit krav om at SNO blir varsle dersom ein skal krevje erstatning.

Hugsliste ved funn av kadaver:

- La kadaveret ligga mest mogeleg urørt
- Ta bilde av kadaveret
- Dekk til kadaveret med plast, stein, busker eller liknande slik at åtseletarar ikkje kjem til
- Merk funnstadet så den er lett å finna att, bruk eventuelt GPS
- Meld i frå til SNO så snart som mogleg
- Ha dette med deg i sekken: mobil/fotoapparat, søppelsekk til tildekking av kadaver, kniv og lange eingongshanskar

Rovvilkontaktane i Vestland:

Luster: Rune Fuglesteg, [476 41 915](#)

Bjørnafjorden : Hartvig Haugen, [970 13 594](#)

Sunnfjord: Finn Olav Myhren, [468 98 112](#)

Voss: Ingmar Slettemark, [957 09271](#)

Sunnfjord: Sverre Sæten, [404 48 216](#)

Aurland: Håkon Øydvin, [995 67 650](#)

Ulvik: Ole Rune Røkenes, [94978534](#)

Regionalt fagansvar rovviltdokumentasjon: Rein Arne Golf, tlf. 480 94 364

Vi vil oppmøde om at de formidlar namn og telefonnummer på dykker rovviltnemnd og ovannemnde råd kring tap grunna freda rovdyr til medlemane i beitelaget dykker.

Forvaltningsansvaret for freda rovvilt i region 1 ligg til rovviltnemnda. Leiar for nemnda er Noralv Distad frå Aurland, tlf. 913 74 976. I tillegg er Trude Brosvik frå Gulen og Kine Dale frå Bergen med i nemnda.

Skadefellingsløyve

Skadefelling er eit verkemiddel i akutte skadesituasjonar. Miljøavdelinga hjå Statsforvaltaren gir fellingsløyve innanfor kvoter som er fastsett av rovviltnemnda i regionen. Vedtak om skadefelling er frikopla frå grunneigarretten. Dersom SNO dokumenterer tap grunna freda rovvilt ved kadaverfunn, kan de søke Statsforvaltaren om skadefellingsløyve. Kontaktperson er Hermund Mjelstad, hermund.mjelstad@statsforvalteren.no, tlf. 481 43 095. I ferietida om sommaren (juli – august) blir det lagt ut kven som er ansvarleg kontaktperson på [heimesida](#) til Statsforvaltaren. Tidlegare Sogn og Fjordane har tre regionale skadefellingslag som blir administrert av Luster kommune. I tidlegare Hordaland har Hordaland Jeger- og Fisker forbund ei tilsvarende rolle, og det blir arbeidd med fellingslag i Ullensvang.

Beitelag eller kommunen kan søke om skadefellingsløyve. Søknaden bør innehalde:

- Kven som søker og for kva område
- Kartfesta informasjon om kadaver: tal kadaver totalt, tal undersøkt av SNO, sakna dyr
- Tidsrom for tap eller skade
- Tal dyreeigarar og tal dyr på beite i området

Vi oppmodar om at beitelaget tek kontakt med kommunen for hjelp i ein skadesituasjon.

Aktivitet og oppdatering av opplysningar i beitelaga

Beitelaga sitt arbeid er svært viktig for bruken av utmarksbeite, og i Vestland er det meir enn 200 beitelag som nyttar store delar av fylket til matproduksjon gjennom beitesesongen. Det er ei aktiv næring, mykje godt samarbeid og stor aktivitet!

For at vi skal kunne fylge opp beitebruk i utmarka, er vi avhengige av aktive beitelag og høg oppslutnad i næringa. For å få oversyn over tap av dyr og andre tilhøve kring beitebruk, er vi heilt avhengige av at dei rundt 200 beitelaga i Vestland rapporterer inn tal til Statsforvaltaren når de søker driftstilskot.

I søknadsomgangen for driftstilskot i 2023 var det fleire lag som måtte etterrapportere tilleggsinformasjon til søknaden angåande årsmøte, økonomi og kort årsrapport jf. definerte rapporteringskrav. For å få driftstilskot er det krav om å ha arrangert årsmøte i søknadsåret. Dette er for å sikre at de faktisk møter kvarandre, og til dømes snakkar gjennom sist beitesesong, planlegg neste, og eventuelt bruk av midlar i laget. Dette vil bli presisert igjen i informasjonsbrevet til hausten.

Når vi sender ut brev til beitelaga nyttar vi e-postadressa som vart brukt i sist søknadsomgang. Hugs å oppdatere oss og Brønnøysundregisteret når det er endringar av kontaktperson. Dei fleste beitelaga er flinke på dette, så vi ber om at de held fram slik at vi sikrar best mogleg kommunikasjonsflyt.

Statsforvaltaren ønskjer ein god dialog med næringa om utfordringar og behov. Ta gjerne kontakt med oss om de har innspeil.

Lukke til med arbeidet ute i laga og med beitesesongen!

Med venleg helsing

Mary Ueland

rådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 30 62

E-post: mary.ueland@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl

Hugs bandtvang
1. april - 20. august

Forsettleg og uaktsam brot av hundeloven kan medføre bøter eller fengsel inntil seks månader.

- Brot på bandtvang: bot.
- Manglende kontroll på hunden: bot og/eller åtvaring.
- Jaging eller angrep på dyr eller menneske: bot.
- Hundeangrep som gir skade på dyr eller menneske:
 1. høgare bot og erstatningsansvar, mogleg tiltale.
 2. hunden kan bli avlivet eller omplassert.